



Dei har teke initiativet: Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland.

Det er ikkje så ofte at det rykker i danseføtene i Helgheim no, samanlikna med dei såkalla gamle dagar.

Men neste søndag klokka 19 kjem dansetradisjonen der til live att for då skal det dansast swing i lokalet. Uskedalparet og danse-entusiastane Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland har teke eit prisverdig initiativ.

Er det opp til dei, vil swing-glade folk frå heile Kvinnherad samlast i Helgheim annankvar søndag framover vinteren. Paret strekar kraftig under at dette ikkje berre er eit Uskedalstiltak. Dei legg også vekt på at dansekvelden er ope for folk i alle aldrar.

Musikken skal dei ha med seg 'på boks', og dei skal plukke fram låtar som får det til å rykka skikkeleg i dansefoten.

Men eitpar gonger i året kan det bli aktuelt å halda festar med levande musikk.

Det blir heller ikkje lagt opp til nokon organisert servering - kaffien sørgar Berit Harriet og Ivar Kåre for og biteti må dansarane ta med sjølve. Det ligg difor i sakens natur at det ikkje vil kosta mykje å vera med på dansen.

For 4 år sidan vart det halde swingkurs med profesjonell instruktør i Helgheim, men det blir ikkje aktuelt denne gongen. - Her skal dansarane få utfalda seg fritt, understrekar Berit Harriet og Ivar Kåre. Dei er særleg svake for danseband som Ingemars og Contrazt - grupper som hører heime i det blomstrande dansemiljøet i nærleiken av svenskegrensen. Men dei seier heller ikkje nei til Hamarbandet Ole Ivars. 'Prøvedansarane' Tove Haugland/Torfinn Olav Skår frå Seimsfoss og Malvin og Ragna Volden frå Herøysund er samde i dette bandvalet.

Berit Harriet og Ivar Kåre har forresten ein viktig presisering til: Det skal slett ikkje dansast berre swing. Hvis det er stemning for det, kan dei gjerne roe ned med ein tango eller ein vals for den saks skyld.

- Poenget er at vi skal ha det triveleg og dansa etter glad musikk, seier paret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen





Prøvedansar i Helgheim: Ragna og Malvin Volden frå Herøysund og Tove Haugland/Torfinn Olav Skår frå Seimsfoss.